

MEMOAR

Medlemsbrev #2-2017

Nye intervjuarar:

Camilla Bøe og Svein Houge er igang

To av styremedlemmene i Memoar har kasta seg inn i arbeidet både med å gjera minneintervju og å gjera etterbeid i form av dokumentasjon og tilrettelegging for publisering og avlevering. Begge brukar Studio 1 i Bergen Bibliotek.

Siri Lindstad er i gang

På same tid er frilansjournalist Siri Lindstad i gang med å dokumentera opptak frå studio 1, etter at styret vedtok å bruka Kulturminneprisen til å redusera køen av etterarbeid. Siri er ein av få munnlege historikarar i Noreg - ho har tidlegare arbeidd for Skeivt Arkiv. Sjå sirilindstad.com



Kvalfangstminner i Sund

10. mars hadde Bjørn eit spennande møte med bibliotek og kultureining i Sund kommune for å drøfte samarbeid. Resultatet vart plan om eit pilotprosjekt med opptak, dokumentering og avlevering av to intervju - ein om migrasjon og eit om kulturhistorie. Ein sterk kandidat til det siste vil vera ein av dei som enno minnest kvalfangsten med armbrøst i Skogsfjorden. Meir info kjem på Krafttak.Memoar.no

Fleire utspel i Hordaland:

Etter at me inviterte alle bibliotek og alle historielag i Hordaland til samarbeid, har det kome respons frå Austrheim, Bømlo, Stord og Voss. Alle har fått tilbod om at Memoar kan bruka litt av KUP-pengane på dei som er fyrst til mølla.

Kulturrådet sa nei til industri og sjøfart

20/3 fekk Memoar, Norsk Industriarbeidermuseum og Bergens Sjøfartsmuseum nei til samarbeidsprosjektet "Arbeidsforteljingar" som skulle samla munnleg historie frå sjøfolk i Hordaland og industrifolk i Telemark. Dermed ser det enno ikkje ut til at rådet reknar munnleg historie som kulturminne,

Arrangement:

26. mars:

"Gullalderen" i norsk sjøfart
- og kva det eigentleg var som endra seg då denne tida tok slutt?



**"Forteljarpanel" på Bergens
Sjøfartsmuseum**

Utvexling av minner om endringane som kom utover frå seksti- og syttitalet, så som nye navigasjonsinstrument, kommunikasjon, maskinutvikling, laste og lossesystem, skipskonstruksjon og hamneanlegg - og konsekvensar for organisasjon og kultur, både ombord i den einskilde skipet og i næringa som heilskap.

I panelet

Edmund Hellman, motormann/repairatør,
Paal Strand, motormann/båtsmann/matros,
John A. Hegg, matros/strymann/skipper,
Ole Christian Næss, sturmann,
Olav Vindedal, telegrafist/mannskapssjef
Ernst R. Skage, kokk/stuert

Sundag 26. mars 2017 kl. 12 - 14:

Kurs i søknads-skriving

Bymuseet og trikotasjemuseet inviterer frivillige organisasjonar til kurs i å skrive gode søknader.

torsdag 30. mars kl

14:30-19:30. Dette er både viktig lærdom - og ein sjanse til å treffa nye samarbeidspartnarar.

Me treng fleire medlemmer!

Arbeidet aukar raskt - me treng fleire, både til å fortelja, intervjuja, organisera og formidla.

[Http://Om.Memoar.no](http://Om.Memoar.no)



Me er engasjert i stort prosjekt i sør

Professor Olav Wicken ved Senter for teknologi, innovasjon og kultur på universitetet i Oslo har engasjert Memoar som "operatør" i ei stor innsamling av munnleg kjeldemateriale om nyare lokalhistorie i Kristiansand. Dette er fyrste gong Memoar er med i eit prosjekt der alt arbeid vert betalt. Sjå meir på nettsida Krs1990-2017.Memoar.no

Kurs og intervju i Østfold:

3. og 4. mars heldt Memoar kurs i munnleg historie for tilsette i Østfoldmuseene og historielag i Østfold.

Kurset gjekk på Borgarsyssel museum i Sarpsborg. I samband med kurset vart det gjort heile åtte djupintervju som oppstart på prosjektet "Borregårdsamfunnet". Det er no til diskusjon i museet korleis det vidare samarbeidet med Memoar skal utviklast.

Kurs og intervju i Telemark

15. mars heldt Memoar kurs for museumstilsette og frivillige ved Industrierarbeidermuseet på Rjukan. Eitt intervjuopptak med Erling Zappfe (biletet) var del av kurset.

